



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Janet Louise Sjursen Ragnvaldsen

Njøtevegen 307

5943 AUSTRHEIM

Dykkar ref.:

Vår ref.:

20/4742 - 1 / CMS

Dato:

15.10.2020

## Førehandsvarsel om pålegg av fjerning av ulovleg flytebrygge og tvangsmulkt

Det er komme inn tips til kommunen om at det ligg ein flytebrygge plassert i vågen dykk på gbnr. 137/7. Området er regulert til badeplass og badeområde. Tiltaket er i strid med både plan- og bygningslova § 1-8 og reguleringsplanen som er vedtatt på staden, **plan-id: 2010007**.

Kommunen har vore på synfaring. Sjå bilete under:





## **Uttale**

Før kommunen handsamar saka vidare, vil ein be dykk gjere greie for forholda på staden, samt om dykk ønskjer å søke om tiltaket. Uttale må vera sendt innan tre veker frå dato til:

Austrheim kommune

Sætremarka 2

5943 Austrheim

post@austrheim.kommune.no

## **Pålegg om retting**

Kommunen er pliktig å forfølgje tilhøve i strid med plan- og bygningslova, jfr. plan- og bygningslova § 32-1.

Kommunen vil vurdere å gje pålegg om retting i medhald av plan- og bygningslova § 32-3. Plan- og bygningslova § 32-3 lyder slik:

*"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene gi den ansvarlige pålegg om retting av det ulovlige forhold, opphør av bruk og forbud mot fortsatt virksomhet, samt stansing av arbeid. Ved utferdigelsen av pålegg skal det settes frist for oppfyllelse. Samtidig med utferdigelsen av pålegg kan det fastsettes tvangsmulkt. Ved utferdigelse av pålegg gis opplysning om at pålegget vil kunne følges opp med forelegg som kan få virkning som rettskraftig dom. Endelig pålegg kan tinglyses som en heftelse på den aktuelle eiendom."*

## **Tvangsmulkt**

Saman med eit eventuelt vedtak om pålegg om retting, har kommunen høve til å fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Dette kan gjerast utan vidare varsel. Plan- og bygningslova § 32-5 lyder slik:

*"Ved forhold i strid med bestemmelser gitt i eller i medhold av denne loven, kan plan- og bygningsmyndighetene fastsette tvangsmulkt for å få gjennomført gitte pålegg innen en særskilt angitt frist. Tvangsmulkten fastsettes samtidig med pålegg om retting og løper fra fristoverskridelsen for retting. Der tvangsmulkt ikke fastsettes samtidig med pålegg, skal det gis eget forhåndsvarsel om tvangsmulkt. Det kan fastsettes at tvangsmulkten løper så lenge det ulovlige forhold varer, som et engangsbeløp eller som en kombinasjon av løpende mulkt og engangsbeløp. Tvangsmulkten ileses den ansvarlige for overtredelsen, og tilfaller kommunen. Når det ulovlige forhold er rettet, kan kommunen nedsette eller frafalle i lagt tvangsmulkt."*

Dersom eit eventuelt pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utførde førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Et slikt førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

**Veien vidare:**

Når uttalefristen er gått ut og viss det ikkje er skjedd noko vil kommunen sannsynlegvis gje pålegg om fjering av flytebryggen eventuelt saman med tvangsmulkt. Kommunen er opptatt av at badeplasser skal forblif uberørt. Kommunen oppfordrer derfor dykk til snarest å fjerne flytebryggen og dokumentere at dette er blitt gjort overfor kommunen. Kommunen gjer også merksam på at område vil bli fulgt opp også i etterfølgande tid for å sikre at badeplassen ikkje vert utsett for tiltak i strid med plan- og bygningslova og reguleringsplanen. Kommunen har også prøvd å få telefonisk kontakt med ein av to grunneigarar, utan hell.

Dette brevet er ikkje eit enkeltvedtak, og kan dermed ikkje påklagast.

Med vennleg hilsen  
Christopher Marius Straumøy  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur*

**Mottakere:**

Janet Louise Sjursen Ragnvaldsen  
Morten Ragnvaldsen

Njøtevegen 307      5943  
Njøtevegen 307      5943

AUSTRHEIM  
AUSTRHEIM